



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Austefjorden, Volda rådhus
Dato: 02.04.2019
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Åshild Vik	Medlem	SV
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Magnar Sunde	Leiar	AP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hans Peter Eidseflot	Magnar Sunde	SP
Milan Ilic	Lina Marie Bjørkedal	AP
Petter Espe	Sindre Rotevatn	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef
Ingvild Kalvatn	Ingeniør byggesak – PS 22/19
Berit Sandvik Skeide	Planleggar – PS 22/19
Torgeir Stensø	Planleggar – PS 25/19 og PS 27/19
Børild Skåra	Rådgevar Landbrukskontoret – PS 23/19 og PS 24/19



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 20/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 21/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 22/19	Søknad om dispensasjon frå plankravet og avstand til kommunal veg, gbr. 30/205
PS 23/19	Bygging av Landbruksveg - Sjøvegen - Gbr 151/1
PS 24/19	Deling av landbrukseigedom - Gbr 105/2
PS 25/19	Skiltplan del av Volda sentrum – godkjenning
PS 27/19	Søknad om dispensasjon frå kommuneplan for frådeling av tomter til fritidsbustader og parkeringsplass gbr 83/1
PS 26/19	Orienteringssaker
OS 6/19	Indeksregulering av tilskot for veterinærvakt 2019 - Delegert vedtak frå Landbrukskontoret
OS 7/19	Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Forventningsbrev 2019
OS 8/19	Oversendingsframlegg til administrasjonen vedrørende budsjetthandsaminga

PS 20/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det vart halde synfaring i Skrivarvegen før møtet i samband med PS 22/19. Det var ni røysteføre.

Innkalling:

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Ettersendt sak:

Sak «Søknad om dispensasjon frå kommuneplan for frådeling av tomter til fritidsbustader og parkeringsplass gbr 83/1» vart ettersendt dagen før møtet, 01.04.19.

Røysting ettersendt sak:



VOLDA KOMMUNE

Ettersendt sak vart samrøystes sett på saklista.

Sakliste:

Leiar Øyvind Festø bad om at ettersendt sak «Søknad om dispensasjon frå kommuneplan for frådelling av tomter til fritidsbustader og parkeringsplass gbr 83/1» vert sett på saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste med ettersendt sak vart samrøystes godkjent.

PS 21/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var ingen merknadar til protokollen frå møtet 05.03.19.

Røysting:

Protokollen frå møtet 05.03.19 vart samrøystes godkjent.

PS 22/19 Søknad om dispensasjon frå plankravet og avstand til kommunal veg, gbr. 30/205

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet gir ikkje dispensasjon frå plankravet i kommunedelplan for Volda, og avstandskravet i Veglova. Omsynet bak føresegnene det vert søkt om dispensasjon frå vert vesentleg sett til side, og fordelane ved å gi dispensasjon er ikkje klart større enn ulempene.

Handsaming:

Det var synfaring i samband med saka før møtet.

Sindre Kvangarsnes fremma følgjande:

Forvaltningsutvalet gir dispensasjon frå plankravet i kommunedelplan for Volda og avstandskravet i veglova.

Omsynet bak føresegnene det vert søkt om dispensasjon frå vert ikkje vesentlig tilsidesett, og fordelane ved å gi dispensasjon er klart større en ulempene.

Begrunning;

Det er ikkje mulig å nytte denne tomte utan å gi dispensasjon frå avtandskrav i veglova.

Husa i området står med varierende avstand (6,6 -8 m) frå midten av vegen.

I følge vegnormalen til Statens vegvesen Hb017 kan ei blindgate på 3,5 m breidde i eit bustadfelt vere tilkomstveg til 50 bustadeiningar utan fortau. Skrivarvegen er derfor godt dimensjonert for dei 20 bustadane som nyttar vegen.

Hans Peter Eidseflot kom med følgjande tillegg til Sindre Kvangarsnes sitt framlegg:

Dispensasjon i høve til plankravet vert grunngitt med at området er fult utbygd, samt at utnyttingsgrad og høgde på huset er innafor det normale i området.

Fellesframlegget frå Sindre Kvangarsnes og Hans Peter Eidseflot vart som følgjer:

Forvaltningsutvalet gir dispensasjon frå plankravet i kommunedelplan for Volda og avstandskravet i veglova.



VOLDA KOMMUNE

Omsynet bak føresegnene det vert søkt om dispensasjon frå vert ikkje vesentlig tilsidesett, og fordelane ved å gi dispensasjon er klart større en ulempene.

Begrunning;

Det er ikkje mulig å nytte denne tomta utan å gi dispensasjon frå avtandskrav i veglova.

Husa i området står med varierende avstand (6,6 -8 m) frå midten av vegen.

I følge vegnormalen til Statens vegvesen Hb017 kan ei blindgate på 3,5 m breidde i eit bustadfelt vere tilkomstveg til 50 bustadeiningar utan fortau. Skrivarvegen er derfor godt dimensjonert for dei 20 bustadane som nyttar vegen.

Dispensasjon i høve til plankravet vert grunngitt med at området er fult utbygd, samt at utnyttingsgrad og høgde på huset er innafor det normale i området.

Petter Espe påpeika at vedlegg nr. 2 om «opplysningar gitt i nabovarsel» tilhøyre ei anna sak.

Øyvind Festø bad om prøverøysting.

Prøverøysting:

Det vart røysta alternativt mellom administrasjonen si tilråding og fellesframlegget frå Kvangarsnes og Eidseflot.

Margrethe Trovåg, Petter Espe og Øyvind Festø røysta for administrasjonen si tilråding. Åshild Vik, Magny Fylling, Erlend Koppen, Milan Ilic, Hans Peter Eidseflot og Sindre Kvangarsnes røysta for fellesframlegget frå Kvangarsnes og Eidseflot.

Endeleg røysting:

Det vart røysta alternativt mellom administrasjonen si tilråding og fellesframlegget frå Kvangarsnes og Eidseflot.

Margrethe Trovåg, Petter Espe og Øyvind Festø røysta for administrasjonen si tilråding som fall. Åshild Vik, Magny Fylling, Erlend Koppen, Milan Ilic, Hans Peter Eidseflot og Sindre Kvangarsnes røysta for fellesframlegget frå Kvangarsnes og Eidseflot som vart vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 02.04.2019:

Forvaltningsutvalet gir dispensasjon frå plankravet i kommunedelplan for Volda og avtandskravet i veglova.

Omsynet bak føresegnene det vert søkt om dispensasjon frå vert ikkje vesentlig tilsidesett, og fordelane ved å gi dispensasjon er klart større en ulempene.

Begrunning;

Det er ikkje mulig å nytte denne tomta utan å gi dispensasjon frå avtandskrav i veglova.

Husa i området står med varierende avstand (6,6 -8 m) frå midten av vegen.

I følge vegnormalen til Statens vegvesen Hb017 kan ei blindgate på 3,5 m breidde i eit bustadfelt vere tilkomstveg til 50 bustadeiningar utan fortau. Skrivarvegen er derfor godt dimensjonert for dei 20 bustadane som nyttar vegen.

Dispensasjon i høve til plankravet vert grunngitt med at området er fult utbygd, samt at utnyttingsgrad og høgde på huset er innafor det normale i området



PS 23/19 Bygging av Landbruksveg - Sjøvegen - Gbr 151/1

Administrasjonen si tilråding:

Tilråding til vedtak:

Forvaltningsutvalet fattar med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, fastsett av Landbruksdepartementet 28.05.2015, følgjande vedtak:

Frode Tilseth får løyve til å byggje ein 260 m lang landbruksveg frå tunet og ned til sjøen på gnr 151 bnr 1.

Løyve vert gitt då vegen skal tene landbruksdrifta på bruket, og då vegen ikkje kjem i nemnande konflikt med andre verdiar eller naturmangfaldet på staden.

Vilkår:

- 1. Utvalet må fyrst vere tydeleg på at tiltaket er søknadspliktig og at arbeidet som er utført ikkje hadde naudsynt løyve og dermed ikkje var lovleg.*
- 2. I det vidare arbeidet med vegen må ein sikre at skjeringar og fyllingar vert tilført masse og stelt til slik av vegen glir fint inn i kulturlandskapet.*
- 3. All overskytande masse og stein knytt til vegbygginga skal fjernast for å ta i vare jordbruksarealet og kulturlandskapet.*
- 4. Vegen skal byggjast som traktorveg vegklasse 8.*
- 5. Slutføringa må skje innan 3 år.*

Handsaming:

Børild Skåra frå Landbrukskontoret i Ørsta og Volda og Utviklingssjef Jørgen Vestgarden orienterte om saka og svarte på spørsmål.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 02.04.2019:

Forvaltningsutvalet fattar med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, fastsett av Landbruksdepartementet 28.05.2015, følgjande vedtak:

Frode Tilseth får løyve til å byggje ein 260 m lang landbruksveg frå tunet og ned til sjøen på gnr 151 bnr 1.

Løyve vert gitt då vegen skal tene landbruksdrifta på bruket, og då vegen ikkje kjem i nemnande konflikt med andre verdiar eller naturmangfaldet på staden.

Vilkår:

- 1. Utvalet må fyrst vere tydeleg på at tiltaket er søknadspliktig og at arbeidet som er utført ikkje hadde naudsynt løyve og dermed ikkje var lovleg.*
- 2. I det vidare arbeidet med vegen må ein sikre at skjeringar og fyllingar vert tilført masse og stelt til slik av vegen glir fint inn i kulturlandskapet.*
- 3. All overskytande masse og stein knytt til vegbygginga skal fjernast for å ta i vare jordbruksarealet og kulturlandskapet.*
- 4. Vegen skal byggjast som traktorveg vegklasse 8.*
- 5. Slutføringa må skje innan 3 år.*



VOLDA KOMMUNE

PS 24/19 Deling av landbrukseigedom - Gbr 105/2

Administrasjonen si tilråding:

Omdisponering etter jordlov § 9 og deling § 12 - vedtak:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 14.03.2017, frå Jorunn Anne Børtveit, eigar av gnr 105 bnr 2, om å få dele ifrå hyttetomt på 0,4 daa. Forvaltningsutvalet gjev etter § 9 i jordlova løyve til omdisponering av 0,4 daa dyrkbar jord.

Vidare gir Landbruksnemnda etter jordlova § 12 løyve til frådeling av hyttetomt på 0,4 daa.

Handsaming:

Børild Skåra frå Landbrukskontoret i Ørsta og Volda bad om ei redaksjonell endring i framlegg til vedtak, då det står Landbruksnemnda i siste setning, medan det skal være Forvaltningsutvalet.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak blir då som følgjer:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 14.03.2017, frå Jorunn Anne Børtveit, eigar av gnr 105 bnr 2, om å få dele ifrå hyttetomt på 0,4 daa. Forvaltningsutvalet gjev etter § 9 i jordlova løyve til omdisponering av 0,4 daa dyrkbar jord.

Vidare gir Forvaltningsutvalet etter jordlova § 12 løyve til frådeling av hyttetomt på 0,4 daa.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding med ei redaksjonell endring vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 02.04.2019:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 14.03.2017, frå Jorunn Anne Børtveit, eigar av gnr 105 bnr 2, om å få dele ifrå hyttetomt på 0,4 daa. Forvaltningsutvalet gjev etter § 9 i jordlova løyve til omdisponering av 0,4 daa dyrkbar jord.

Vidare gir Forvaltningsutvalet etter jordlova § 12 løyve til frådeling av hyttetomt på 0,4 daa.

PS 25/19 Skiltplan del av Volda sentrum - godkjenning

Administrasjonen si tilråding:

1. *Forvaltningsutvalet godkjenner skiltplan for del av Volda sentrum datert 19.03.2019.*

Handsaming:

Planleggar og sakshandsamar Torgeir Stensø orienterte og svarte på spørsmål frå Forvaltningsutvalet.

Øyvind Festø fremma ei endring i vedtak i PS 11/19 i Forvaltningsutvalet, der ein endra frå *Fysiske trafikktryggingstiltak (til dømes oppmerking av overgangsfelt, heva overgangsfelt) for kryssing av forkøyrsvog i Storgata skal iverksettast samstundes med oppføring av nye skilt.*



VOLDA KOMMUNE

Til:

*Fysiske trafikktryggingstiltak (til dømes oppmerking av overgangsfelt, heva overgangsfelt) for kryssing av forkøyrsvog i Storgata skal iverksettast **der det er teneleg** samstundes med oppføring av nye skilt.*

Røysting:

Administrasjonen si tilråding, med endring i tidlagre vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 02.04.2019:

- 1. Forvaltningsutvalet godkjenner skiltplan for del av Volda sentrum datert 19.03.2019.*

*Fysiske trafikktryggingstiltak (til dømes oppmerking av overgangsfelt, heva overgangsfelt) for kryssing av forkøyrsvog i Storgata skal iverksettast **der det er teneleg** samstundes med oppføring av nye skilt.*

PS 27/19 Søknad om dispensasjon frå kommuneplan for frådeling av tomter til fritidsbustader og parkeringsplass grb 83/1

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 21.06.2018, frå Johnny Magnussen, eigar av gnr 83 bnr 1. Det vert søkt om frådeling av to hyttetomter og eit parkeringsareal på til saman 3 daa.
Med heimel i jordlova § 12 gjev Forvaltningsutvalet løyve til frådeling av areala slik det er søkt om. Grunngevinga er at ein vurderer tap av areal for hovudbruket som akseptable i høve samfunnsnyttan, og at ein vidare har søkt å tilpasse delinga slik at dei driftsmessige ulempene vert mist mogleg.*
- 2. Forvaltningsutvalet gir med heimel i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå kommunedelplan for Høydalen, for frådeling av to hyttetomter og eit parkeringsareal på gnr 83 bnr 1 i samsvar med søknad.*
- 3. Då det er lagt fram detaljert plan for infrastruktur med tilkomstveg, vatn, avløp og arrondering av tomter i høve terreng/gardsdrift vert det gitt dispensasjon frå bestemmelsen i kommuneplanen om utarbeiding av eigen bebyggelsesplan.*
- 4. Det stillast krav om gjennomført arkeologisk registrering innanfor dei omsøkte områda. Dette vert knytt som vilkår til framtidig byggeløyve.*

Handsaming:

Saka vart ettersendt 01.04.19 og sett på saklista i møtet.

Planleggar og sakshandsamar Torgeir Stensø orienterte om saka og svarte på spørsmål.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 02.04.2019:

- 1. Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 21.06.2018, frå Johnny Magnussen, eigar av gnr 83 bnr 1. Det vert søkt om frådeling av to hyttetomter og eit parkeringsareal på til saman 3 daa.
Med heimel i jordlova § 12 gjev Forvaltningsutvalet løyve til frådeling av areala slik det er søkt om. Grunngevinga er at ein vurderer tap av areal for hovudbruket som akseptable i høve samfunnsnyttan, og at ein vidare har søkt å tilpasse delinga slik at dei driftsmessige ulempene vert mist mogleg.*
- 2. Forvaltningsutvalet gir med heimel i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå kommunedelplan for Høydalen, for frådeling av to hyttetomter og eit parkeringsareal på gnr 83 bnr 1 i samsvar med søknad.*
- 3. Då det er lagt fram detaljert plan for infrastruktur med tilkomstveg, vatn, avløp og arrondering av tomter i høve terreng/gardsdrift vert det gitt dispensasjon frå bestemmelsen i kommuneplanen om utarbeiding av eigen bebyggelsesplan.*
- 4. Det stillast krav om gjennomført arkeologisk registrering innanfor dei omsøkte områda. Dette vert knytt som vilkår til framtidig byggeløyve.*

PS 26/19 Orienteringssaker

OS 6/19 Indeksregulering av tilskot for veterinærvakt 2019 - Delegert vedtak frå Landbrukskontoret

OS 7/19 Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Forventningsbrev 2019

Handsaming:

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet.

OS 8/19 Oversendingsframlegg til administrasjonen vedrørende budsjetthandsaminga

Møte slutt kl. 14:45.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
03.04.2019

Sunniva Utnes
Konsulent